



Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 28.04.2014
Tidspunkt: 09:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Svane	Medlem	FFO
Jostein Ljones	Medlem	SP
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Neshe Lie	Medlem	H
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Rådet var ikkje vedtaksdyktig og møtet vart ein rein orientering og arbeid med uttale som vert sendt ut til rådets medlemmer.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Nils E. Grude	Seniorrådgjevar, transportplanseksjonen
Helge Haavardtun	Leiar, eigedomsseksjonen
Ragnhild Aak	Overingeniør, eigedomsseksjonen
Skajaa	
Ingeborg Borgen	Rådgjevar, administrasjonsseksjonen
Takle	

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 21/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 22/14	Godkjenning av sakliste		
PS 23/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 24/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 14/14	Kollektivmeldinga 2013	2014/10805	
RS 15/14	Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017	2014/5	
PS 25/14	Uttale til planane for nye Voss vgs	2014/558	
PS 26/14	Ymse		

PS 21/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Vedtak

Rådet var ikkje vedtaksdyktig.

PS 22/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Vedtak

Rådet var ikkje vedtaksdyktig.

PS 23/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Vedtak

Rådet var ikkje vedtaksdyktig.

PS 24/14 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Vedtak

Begge referatsakane vert utsett til neste møte 11.06.14.

RS 14/14 Kollektivmeldinga 2013

RS 15/14 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

PS 25/14 Uttale til planane for nye Voss vgs

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende inn slik uttale til Eigedomsseksjonen angående planane for nye vidaregåande skule på Voss:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Rådet fekk ein orientering om planane for nye Voss vidaregåande skule og diskuterte nokre prinsipp som ein ønskja å spele inn. Ein uttale vert sendt ut til rådsmedlemene for eit vedtak på e-post.

Vedtak

Rådet var ikkje vedtaksdyktig.

PS 26/14 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.04.2014

Rådet fekk ein orientering om Tanks vidaregåande skule, Bergen Katedralskule, Bergen Handelsgymnasium og Stend vidaregåande skule.

Utviklinga i dei tre første skulane heng saman fordi Vaksenopplæringa, som nå ligg på Bergen Katedralskule, må flytte ut slik at den skulen kan rehabiliterast. Vaksenopplæringa flyttar da til Tanks vidaregåande skule, mens Bergen Handelsgymnasium vert rehabilitert slik at Vaksenopplæringa kan ha tilhald der permanent. Tanks skule er ikkje eigt av fylkeskommunen, men vert leigd for 3 år.

Tanks vidaregåande skule

Tanks vidaregåande skule flyttar ut i mai – vaksenopplæringa flyttar inn i august. Vaksenopplæringa treng berre 1. etasje til undervisning, mens administrasjonen held til i 2. etasje. Det er lagt til rette for at ein sekretær kan ha kontor i 1. etasje.

Da dette berre skal vere eit førebels tilbod er fokuset på rimelege løysingar, og tilgjengelegheit. Utfordringane ved skulen er at den er bygga på dårlig grunn, og at golv er retta opp på ulike tidspunkt, noko som har ledd til høge tersklar.

Rampar vert lagt til grunn i tilfelle med høgdeskilnader, og innspel frå rådet i samband med det er at ein bør ha ein trekantlist i staden for ein avrunda list. Handikapptoalett er i ein brakke på plassen, i nærleiken til dei andre toaletta. Ytterdøra vert opna automatisk. For synshemma vil ein markere høgdeskilnader, samt bruke kontrastfargar. Det vil vere ein bærbar teleslynge på bygget, samt opplæring i bruk.

Ein legg til rette for individuelle brukarar i perioden.

Bergen Katedralskule

Også her er utfordringa høgdeskilnadar mellom ulike bygg, samt at bygga ikkje ligg ved sidan av kvarandre slik at ein heis vil løyse alt.

Plana er å lage eit mellombbygg mellom to fløyer, med ny inngang, og tilgang til begge fløyer. Heis i gamle-bygget. Ramper i korridorar frå eine til andre fløya. Ekstra heis kan vere ein løysing dersom det ikkje er mogleg å få på plass ein heis der planane visar.

Bygginga vert byrja når vaksenopplæringa flytter ut av Tanks.

Bergen Handelsgymnasium

Denne skulen skal Vaksenopplæringa ha til permanent bruk og universell utforming i si heilheit vert lagt til grunn. Planen er at Vaksenopplæringa flyttar inn eitt år etter at dei har flytta inn i Tanks vidaregåande skule.

I dette bygget er det i tillegg til høgdeskilnadar mellom to bygg, ikkje heis, som betyr at det er vanskeleg å kome inn, samt at det ikkje har nokre handikapptoalett. I tillegg er bygget verna.

I planane så langt er det ikkje sett så mykje på tilgang til bygget, men inngang til bygget. I samband med det har ein lagt til grunn eit nytt hovudkommunikasjonspunkt rundt heisen. Sidan heisen ligg på baksida av bygget har ein gjort tiltak for å få baksida av bygget meir tiltalende slik at det vert eitt naturleg inngangspunkt. Slik ønskjer ein å få ein ny hovudtrafikkakse frå ein rampe føre gymsalen til heisen på andre sida. Det er planlagt handikapp-parkering ved rampe ved gymsal.

Heisen er stor og L-format. Når det gjeld handikapptoalett er det ikkje våtrom ved heis. Ein har difor lagt handikapptoalett til toalettkjernen i kvar etasje. Det er ikkje lagt inn i planane tilgang til garderoben, og løysinga vert derfor å bruke handikapptoalettet til garderobe ved trong. I gymsalen er det ein trapp til scena, som vert gjort om til ein heis ved trong.

Administrasjonen sine kontor ligg på framsida i bygget slik som før.

For synshemma er det fokus på kontrastfargar og ledelinjer der ein brukar materiale som fins elles i bygget. Smale haller og korridorar førar til naturleg leiing. Kan også legge til rett for individuelle brukarar. Aulaen vert eit unntak for synshemma og hørselshemma grunna at det er verna. Ein har også her lagt opp til transportabel teleslynge.

Stend vidaregåande skule

Igjen er utfordringa at det er fleire bygg som er bygga til ulik tid og på ulik høgde. Det er vanskeleg å finne hensiktsmessig plass til heis. Det var og ønskjeleg å ha eit tydelegare inngangsparti.

I følgje planane vert det tilgang til 80% av bygget. Planen utgjer ikkje nokre problem med tanke på å legge til andre løysingar på eit seinare tidspunkt.

Det vert bygga garderobe nå som er ferdig til hausten. Inngangspartiet er allereie ferdig.

Framover må ein sjå på tilgang til gutteinternat-fløyen.

Vedtak

Rådet var ikkje vedtaksdyktig.